



Frode Anfinsen
Fløksand 62
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1759 - 19/18305

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
02.09.2019

Melding om mangel ved septiktank - GBNR. 5/1

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forureiningslova (forurl.) og har plikt til å følgja opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forureiningslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga syta for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege syta for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 21.08.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om at det er lågt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, gnr. 5, bnr.1 på Fløksand, med adresse Fløksand 20 , 5918 Frekhaug. Lågt nivå i tanken tyder på at det er fare for lekkasje frå septiktanken. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

I pbl. § 31-3 første og andre ledd står det mellom anna følgjande om sikring og istandsetting.

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, slik at de ikke virker skjæmmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene.

Blir ikke plikten overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting».

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS er i perioden juli til september 2021. Då de som eigare av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken må de kontakta eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom tilstanden allereie er utbetra, ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når tilstanden er utbetra, må de fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendast til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 5-1 Skjema for tilbakemelding

Kopi til:

Helene Halland Anfinen

Fløksand 62

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Frode Anfinsen

Fløksand 62

5918

FREKHAUG